



ARKITEKTKONTORET BREKKE HELGELAND BREKKE
ASARKITEKTKONTORET BREKKE HELGELAND
BREKKE-AS
Postboks 29~~Postboks 29~~
55015504 HAUGESUND~~HAUGESUND~~
Att. Mona Fågelklo Salvanes~~Att. Mona Fågelklo~~
Salvanes

Kontakt saksbehandlar

Magne Bartlett, 51568858

Uttale - Planvarsel detaljregulering boliger 105/22 Akسدalsvegen 170 Aksdal sentrum Tysvær

Visar til oversending i ovannemnde sak. Tiltaket legg opp til å byggje konsentrerte småhus/busetnad i eit etablert nabolag i austre del av Akسدal sentrum.

Fylkesmannens vurdering

Fortetting av Akسدal sentrum er i tråd med regionalplan for Hauglandet og statleg planretningslinje for samordna bustad, areal- og transportplanlegging.

Parkering

Parkeringsdekninga for prosjektet må være i tråd med regionalplan for Hauglandet.

Barn og unge

Prosjektet må utformast på ein måte som sikrar barn og unges interesser, det er spesielt viktig at den kommunale leikeplassnorma blir følgt. Rikspolitiske retningsliner for born og unge må også leggest til grunn for den vidare planlegginga.

Grønt-drag

Planområdet grenser i dag til et grønt-drag som strekk seg gjennom heile den austlege delen av Akسدal sentrum, som også har ein bekk som er delvis lagt i røyr. Denne bekken kan i tråd med føresegnene i områdeplanen for Akسدal sentrum opnast. Dette kan gjera området meir attraktivt og auke den opplevde bu-kvaliteten i planområdet i tillegg til å gjere grønt-draget den er ein del av meir attraktivt grøntområde for heile staden.

ROS-analyse

Planområdet må bli utvikla i tråd med føresegnene i områdereguleringa for Akسدal sentrum dersom bekkefaret vart opna, det betyr at det blir tatt høgde for at bekken og planområdet som eit minimum skal være rusta for ein 200-års flaum. Trafikksikkerheit bør også belysast sidan planområdet grenser til ein bilveg utan fortau.

Det forutsetjast elles at plana vart utvikla i tråd med gjeldande planar og regelverk.



Med helsing

Trond Olav Fiskå
fungerande plankoordinator

Magne Bartlett
praktikant

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal